


Trailersjåfør pågripen

SOGNDAL: Politiet fekk melding om promillekøy- ring med semitrailer i Gaupne. Dei rykka ut og på- greip føraren, ein mann i 40-åra. Mannen vart framstilt for blodprøve.



Kan bli sak til hausten

GAULAR: Mathias Råheim, ordfører i Gaular, øns- ker å presisere at dei moglege skulekutt ikkje skal avgjerast i kommunestyret på torsdag. - Men det er mogleg saka kjem opp til hausten.



ØYDELEGGJANDE: SFE sin utbyggingsplanar i Gjengedalsvassdraget vil vere øydeleggjande for lakse- og aurebestanden i vassdraget, meiner Naturvernforbundet, WWF og DNT. På bildet ser vi Lennart Moe i aksjon i Gjengedalglølet, ein viktig gyte- og oppvekstplass øvst i vassdraget. **Arkivfoto: Bent Are Iversen**

- Stor verneverdi

► Fire organisasjonar med felles uttale om Gjengedal kraft

GLOPPEN: - Gjenge- dalsvassdraget er blant dei mest verneverdige vassdrag i landet. SFE bør ikkje få konsesjon.

ENERGI

SVEIN HEGGHEIM
svein.heggheim@firda.no 91149819

Dette skriv Naturvernforbundet, WWF, Den Norske Turistfor- ening og Sogn og Fjordane Tur- lag i Sin fells høyringsuttale til den planlagde utbygging i Gjen- gedalen.

Sogn og Fjordane Energi (SFE) har søkt om konsesjon til å bygge Gjengedal kraftverk, og å bygge ny kraftlinje mellom Hyen og Sto- rebru.

Dei fire organisasjonane gir NVE sitt klare råd:

Store naturverdiar

- På grunn av negative conse- kvensar på store natur- og fri- luftsverdiar ber vi NVE om å tilrå Olje- og energidepartementet at det ikkje blir gitt konsesjon til ut- bygginga, heiter det i høyringsut-

talen. Dei meiner vassdraget er blant dei mest verneverdige i lan- det.

- Her finst store naturverdiar som trua naturtypar bekkekjøft og fossesprøytsone, våtmarks- område med mykje våtmarks- fugl, ei stor laksestamme og eit rikt friluftsliv. Den aktuelle kraft- linja og kraftverket vil forårsake store inngrep i nokre av dei mest verdifulle områda og innanfor landskapsvernområdet, heiter det i uttalen.

Dei karakteriserer Gjengedals- vassdraget som ei særskilt god vil-

laks og sjøaureelv. Dei store fis- kane yt og veks opp i Gjengedal- glølet heilt inn til Gjengedalsfos- sen der utløpstunnelen frå kraft- verket er planlagt.

Øydeleggjande for laksen

- Fisken vandrar opp i vassdraget i samband med flaumar, og dei er nødvendige for at fisken skal gå opp til yteplassane øvst i vass- draget. Regulering vil gje redu- serte flaumar og vassføring. Det inneber at den generelle vasstan- den blir vesentleg lægre enn nor- malt, og det vil få følge for villak-

sens og aurens yte- og oppvek- stområde.

Dei fire organisasjonane mein- ner utbygginga vil få øydeleg- gjande konsekvensar både for villaksen og auren i vassdraget.

Dei understrekar også at om- rådet er svært sårbart både med tanke på friluftsliv og landskap, og meiner det kviler eit nasjonalt forvaltningsansvar å ta vare på slike område.

- Det må tilleggast stor vekt, og bør vere eit sjølvstendig av- slagss grunnlag, heiter det i utta- len.

Dei ser også med uro på den samla belastninga om alle aktu- elle utbyggingsprosjekt i vassdra- get blir realisert.

- Blir alle sett i produksjon vil 90 prosent av vassressursane i vassdraget vere utbygt. Conse- kvensutgreiinga har ikkje teke føre seg den samla belastninga på økosystemet, heiter det i utta- len.

- Slutten for unikt folkefiske

Flaumar er avgjerande for at storlaksen går opp Ommedalselva og gyt, meiner sportsfiskar Lennart Moe.

-Regulering av Dalevatnet og Storevatnet vil medføre at dei viktige flaumane blir dempa el- lere uteblir. Utan store flaumar av ein viss varigheit vil ikkje laks og sjøaure søke opp i vassdraget frå

sjøen. Den kjem heller ikkje opp til yteområda i Gjengedalsgjø- let, skriv Moe i sin uttale.

Konsekvens: Det blir slutt på det, etter hans mening, unike folkefisket i Ommedalselva der folk flest kan kjøpe fiskekort for 100 kroner døgnet for å fiske på den fem kilometer lange strek- ninga.

- Utbygginga vil påføre lokal- samfunnet tapte turistinntekter på mellom 1,5 og 2 millionar

kroner årleg, og lokalbefolk- ninga vil totalt sett oppleve tapt livskvalitet, skriv Moe.

Kvar sommar reiser han frå Drammen til Hyen for å fiske i Ommedalselva. Moe har enga- sjert seg sterkt i kampen mot ut- bygging. Det same har broren, Henning Moe, som har signert ein 20 siders høyringsuttale der han set kritisk søkjelys på det han meiner er mangelfull conse- kvensutgreiing frå SFE.

SOLSKJERMING GARASJEPORER VINDUSSPROSSER



SOMMER- kampanje! GODE PRISER NÅ!

Fasade
PRODUKTER
www.fasadeprodukter.no

Ove Veberg tlf: 908 67 031
Åpent på mandager fra 12.00 - 17.00
Halstovengen 32, 6800 Førde